



**Kongeskipet Norge vart seint i kveld observert i Karmsundet på sin seglas mot Kvinnherad og Rosendal. På nettet les vi at skipet vil gå Storsund slik vi er vane med å sjå skuta frå mange besøk i Kvinnherad.**

På den maritime loggen les vi at Norge går med vel 13 knop og er venta å vera inne i Rosendal i natt eller i morgon tidleg.

Det er ikkje kjend om Dronning Sonja er ombord, men det er mykje truleg.

Kongeskipet er eit vakkert skip, 81 meter langt, og vil ha ein sentral plassering på hamna i Rosendal dei næraste dagane.

Tekst: Kristian Bringedal

Foto: Arne Rød

Nett: Ola Matti Mathisen